

Årsmelding 2022

Sogn og Fjordane Skogselskap





Juletre dag i Jølster 27. april 2022

Bli med i eit solid team!
 Sunnfjord Skog, Timberman, Kårstad,
 Biofrakt og Stokke Transport

40
 %

marknadsandel i S&F 2022

Saman skaper vi lokale verdjar av skogen



Fjordtømmer



Kjetil og Lars Joar i Timberman frå Hornindal



GlommenMjøsen sin vestlandsekskursjon i august

ÅRSMØTE TYSDAG 9. MAI 2023 - HUGS PÅMELDING

Vi kallar inn til årsmøte 9. mai i Gloppen. Årsmøtet startar med synfaring i Trivselsskogen kl. 10.00, deretter held vi fram på Gloppen hotell, Sandane kl. 12.00.

Vil du delta må Ruben R. Bøtun kontaktast, enten på e-post: ruben@skogselskapet.no eller telefon: 9576 1717 seinast 2.mai.

Program for dagen:

- Kl. 10.00: Synfaring i Trivselsskogen med servering av kaffi
Informasjon frå skogbrukssjef Karoline Bjerkeset/Lindis Østgård
- Kl. 12.00: Opning av styreleiar Terje Engvik
Det norske Skogselskap. Presentasjon av direktør Trygve Enger.
Foredrag: «Vekst, utvikling og verdier i treslag i kyst- og fjordstrøk vestafjells»,
av Bernt-Håvard Øyen.
- Kl. 13.30: Lunsj
- Kl. 14.30: Årsmøtesaker
1. Val av møteleiar, og to som signerer protokollen.
 2. Årsmelding for 2022
 3. Rekneskap for 2022
 4. Val og fastsetjing av tillitsvaldegodtgjersler
 5. Fastsetjing av medlemskategoriar og kontingentsatsar for 2024
 6. Evt. innkomne saker

Vel møtt til årsmøtet!

Med helsing Sogn og Fjordane Skogselskap

Terje Engvik
leiar



SKOGSELSKAPET

STYRET

Leiar: Terje Engvik. Vald av årsmøtet

Nestleiar: Merete Larsmon, Bygstad. Vald av årsmøtet

Styremedlem: Anders Lorentzen, Leirvik. Vald av årsmøtet

Styremedlem: Tom Idar Kvam, Hafslø. Vald av årsmøtet

Styremedlem: Erlend Herstad, Naustdal. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

VARAREPRESENTANTAR

1. Jakob Devik, Gloppen. Vald av årsmøtet.

2. Inge Rolf Torstad, Sogndal. Vald av årsmøtet.

Tore Fossen, Førde. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

MELDING FRÅ STYRET 2022

ORGANISASJONEN

Sogn og Fjordane Skogselskap er tilslutta Det norske Skogselskap og ska etter føremålsparagrafen i vedtektene fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. Planteskuleeigedommen på 685 dekar på Brandsøy i Kinn er skogselskapet sin base og forretningsadresse.

MEDLEMMER

I 2022 fekk Sogn og Fjordane Skogselskap ein medlemstilgang på 53, medan 7 gjekk ifrå. Ved utgangen av året var det 320 medlemmer, fordelt på 123 livsvarige, 195 årleg betalande og 2 familiemedlemsskap. Det var ein netto framgang på 40 (14%). Sogn og Fjordane Skogselskap har 1 æresmedlem.

STYREARBEIDET

Styret har halde 2 møte og handsama 22 saker. Det har vore arbeid med økonomioppfølging, prosjektoppfølgning, Borregårdsmidlar, samarbeid mellom skogbruket og skogselskapsorganisasjonen og eigedomsforvaltning.

TILSETTE

Sogn og Fjordane Skogselskap har ved utgangen av 2022 fire tilsette, to skogsvegplanleggarar i full stilling, dagleg leiar i full stilling og seniorrådgjevar i 50% stilling.

DET NORSKE SKOGSELSKAP

Landsmøtet i Det norske Skogselskap vert arrangert annakvart år. Det vart arrangert 1. juni 2022 på Gardermoen, styreleiar og dagleg leiar frå Sogn og Fjordane Skogselskap deltok. Den 22-23. november var det Rådsmøte på Wood Hotel i Brummunddal, der dagleg leiar og styreleiar deltok frå Sogn og Fjordane Skogselskap. Vidare har Det norske Skogselskap arrangert Teamsmøte for styreleiarane og tilsettesamlingar der Sogn og Fjordane Skogselskap har vore representert. Arbeidet i skogselskapsorganisasjonen har no hovudfokus på sterkare fellesprofil med felles kontingent, medlemsfordelar og stadstilpassa skogbruk.

REKNESKAPEN FOR 2022

Resultatrekneskaper er gjort opp med eit overskot på kr. 656.512, mot kr. 165.885 i 2021. Bokført eigenkapital ved utgangen av året var kr. 26.979.536. Ved nyttår var avkastinga på fondsplasseringane til Skogselskapet -2,2%. Men styret har konstatert ei positiv utvikling i fondsverdien på nyåret 2023.

EIGEDOMEN PÅ BRANDSØY

Eigedommen på Brandsøy representerer ein stor ressurs for Sogn og Fjordane Skogselskap på fleire vis. Eigedommen er ei grøn lunge utanfor byen, som genererer inntekter for skogselskapet gjennom utleige til golfbane og hestesport. Vidare er eigedommen ein god base for

å arbeide for måla og verdiane til skogselskapet. Med lokalisering nær Florø by, eigen skog, strandlinje og grønne aktivitetar på eigedommen ligg tilhøva godt til rette for å drive informasjonsverksemd om skog og leggje opp til aktivitetar for unge. Det vart avverka 31 m³ tømmer med vindfall.

PROSJEKTSATSINGAR

Prosjekt skogkulturmotivasjon 2022 vart gjennomført med Sogn og Fjordane Skogselskap som prosjektansvarleg. Hovudmålet med prosjektet er å auke arbeidet med skogkultur i fylket vårt. Arnt Laukeland var leigd inn og arrangerte skogdagar/kveldar og dreiv oppsøkjande verksemd mot skogeigarar som hadde avverka skog utan å syte for skogkultur etterpå. Vegplanleggarane, Svein Saure og/eller Ruben R. Bøtun var også aktiv deltakar på dei fleste av fagarrangementa. Det vart arrangert 24 fagarrangement med eit deltakartal på 253. Skogselskapet planlegg vidareføring av prosjektet i 2023.

Prosjekt skogsvegplanlegging: Prosjektet hadde sitt femte driftsår i 2022. Den eine planleggaren gjekk av med pensjon 1. april og det vart tilsett ein ny vegplanleggar i 100% frå og med 1. juli 2022. Kapasiteten til planleggarane har vore fullt utnytta med planleggingsoppdrag i Vestland fylke. Det har vore halde fleire digitale prosjektmøte i lag med Statsforvaltaren for å følgje opp prosjektet. I oktober deltok to frå Skogselskapet på Fagsamling Veg i Mosjøen.

Prosjekt korte kurs i skogbruket: Med finansiering frå Vestland Fylkeskommune gjennomførte Skogselskapet i vintersesongen 2021/2022 ein kursserie med aktuelle tilbod til skogeigarar og skoginteresserte. I denne perioden vart det gjennomført 13 apertingskurs/kappekurs, 7 skogfondkurs, 4 PEFC kurs, 2 plantedagar, 2 skogkveldar for nye skogeigarar og 1 motorsagkurs for ungdom. Totalt var det 380 deltakarar fordelt på dei 29 kursdagane.

Det vart søkt om midlar til nytt prosjekt hausten 2022, og det vart gjennomført 4 apertingskurs/kappekurs, 5 skogfondkveldar, 1 PEFC kurs, 4 kurs for nye skogeigarar og 3 motorsagkurs for ungdom. Totalt var det 177 deltakarar fordelt på dei 17 kursdagane.

Det vart søkt om midlar til kurs i kalenderåret 2023, og vi vonar vi held fram med aktivitetsnivået i det kommande året også.

Arrangement mot ålmenta: Det har vore arrangert åtte arrangement retta mot ålmenta/skuleklassar, fordelt på skuleskogdagar, oppsetting av naturstiskilt, skogdag på vitensenteret Vite Meir og 4H sitt landstreff på Breim.

Elles vart det gjennomført 6 skuleskogdagar rundt om i fylket fordelt på regionane Sogn, Sunnfjord, Voss og Bergen for ca. 170 skuleborn.

Vestland Skognæringsforum: Skogselskapet mottok midlar frå Kystskogbruket for å vere sekretær i Vestland Skognæringsforum, som er ein interesseorganisasjon for skognæringa på Vestlandet. I oktober vart det gjennomført eit skogseminar, med ein politisk debatt med Stortings- og fylkestingspolitikarar, med 70-80 deltakarar. Arrangementet vart gjennomført utandørs ved Hordaland Bioenergianlegg. Det vart også arrangert karrieredagar i Voss og Førde for å fremje jobbmoglegheitene som finnes i skogbruket på Vestlandet, totalt 90-100 skuleelevar deltok over desse dagane der næringa presenterte si verksemd og arbeidskvardagen sin. I tillegg har vi vore involvert i arbeidet med Temaplan landbruk i Vestland.

SKOGSELSKAPET – VIDARE UTVIKLING OG SAMARBEID

Sogn og Fjordane Skogselskap er inne i ei god utvikling med fin auke i medlemstalet og solid økonomisk fundament for aktivitetane som vert drivne. Skogselskapet vonar å halde fram med den gode rekrutteringa også i 2023 og tek sikte på å føre vidare det næringsretta prosjektarbeidet til det beste for framtidsskogen og næringsutøvarane, spesielt med fokus på skogkultur og opplæring av plantearbeid. Vi vil halde fram med aktiviteten over heile Vestland fylke og samarbeide godt innan skogselskaps-familien. Ut mot ålmenta vil vi halde fram med tilboda til familiar og born og unge.

Sunnfjord, 1. mars 2023

Terje Engvik
Terje Engvik

Merete Larsmon
Merete Larsmon

Tom Idar Kvam
Tom Idar Kvam

Anders Lorentzen
Anders Lorentzen

Tore Fossen
Tore Fossen



Skogdag i Stad.

RESULTATREKNESKAP PR. 31.12.2022

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

INNETEKTER	2022	2021
Diverse tilskot	40.292	38.337
Plantesal	7.470	16.850
Sal av diverse utstyr	25.040	99.351
Sal av tenester	259.788	114.300
Tilskot til prosjekt	3.392.678	3.081.454
Festeavgift	120.000	120.000
Diverse leigeinntekter	362.825	356.810
Medlemspengar	45.959	45.650
Info-avgift	7.525	8.750
Momskompensasjon	39.898	24.106
Erstatning	0	91.045
Kursavgift	13.450	25.257
Diverse inntekter	2.284	3.340
Sum inntekter	4.317.209	4.025.250
UTGIFTER		
Løn, administrasjon m.m.	2.903.297	2.812.595
Plantekjøp	6.381	12.358
Innkjøpte tenester	450.947	431.260
Plantekurs og planteutstyr	0	133.635
Stubbekonsert	0	88.228
Straum, eigedomsskatt, forsikringar	149.637	199.029
Verktøy, rekvisita, vedlikehald	58.761	80.532
Vedlikehald uteareal	7.989	3.592
Kontingent DnS	27.200	21.400
Avskrivningar	61.680	73.680
Andre driftskostnadar	74.723	66.130
Sum andre driftskostnadar	837.318	1.109.844
Sum driftskostnadar	3.740.615	3.922.439
Driftsresultat	576.594	102.811
Finansinntekter og finanskostnadar		
Renteinntekter	54.748	34.035
Utbytte	8.949	7.566
Verdiauke aksjar	18.584	21.509
Verdireduksjon aksjar	-2.359	
Rentekostnad	0	-36
Netto finanspostar	79.922	51.355
Resultat Sogn og Fjordane Skogselskap	656.516	165.885
Sal av industritomt	0	22.023.900
Overføring til/frå eigenkapital		
Resultat overført eigenkapital	656.516	22.189.785
Sum overføringar	656.516	22.189.785

BALANSE PR. 31.12.2022

SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP

EIGEDELAR		2022	2021
Anleggsmidler:			
Maskiner, traktor Brandsøy Planteskule pr. 01.01.	166.360		
- avskrivning	61.680	106.680	168.360
Brandsøy Planteskule, tomt m.m.		299.948	299.948
Sum anleggsmidler		406.628	468.308
Omløpsmidlar			
Kundefordringar		532.708	382.427
Til gode skogfond		6.767	6.236
Andelskapital AT-Skog		5.291	5.291
Aksje- og rentefond		20.196.000	15.531.000
Aksjar Skogbrukets Konferansesenter AS		115.368	117.727
Aksjar Ytre Sunnfjord Holdning AS		86.691	68.107
Bank		5.630.083	10.274.364
Sum omløpsmidlar		26.572.908	26.385.152
Sum eignedelar		26.979.536	26.853.460
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Eigenkapital pr. 01.01.	25.476.764		
Årets resultat	656.516	26.133.280	25.476.764
Sum eigenkapital		26.133.280	25.476.764
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		38.127	142.155
Offentlege trekk og avgifter		155.484	97.657
Anna kortsiktig gjeld		452.645	411.884
Avsett tilskot korte kurs		200.000	725.000
Sum kortsiktig gjeld		846.256	1.376.696
Sum eigenkapital og gjeld		26.979.536	26.853.460

Brandsøy 1. mars 2023


Terje Engvik


Tom Idar Kvam


Merete Larsmon


Tore Fossen


Anders Lorentzen

Revisjonsmelding

Underteikna har gjennomgått rekneskap med tilhøyrande lister og bilag for Sogn og Fjordane Skogselskap, Brandsøy Planteskule, Brandsøy Planteskule eigedom, og Prosjekt veiplanlegging

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 656 516

So langt vi ser er rekneskapen ført etter dei reglar som gjeld og etter god rekneskapsskikk.

Vi kan tilrå at framlagt rekneskap vert vedteken som Sogn og Fjordane Skogselskap sitt årsresultat for 2022

Mo 15. 03. 2023.


Anders Hestad


Jarl Henrik Devik

BORREGAARDS SKOGREISINGSFOND

Fullplanting, med lån frå Borregaaards Skogreisingsfond, er avslutta.

Kring 46 000 daa kulturskog av gran er planta til med lån frå fondet, og samla lånesum var 1,7 mill. kr.

Ved førre årsskifte var samla lånesum kr 402.420 fordelt på 51 lån.

Behaldning rentemidlar då året tok til var kr 481.375,58. Renteinntekta for året var kr 855,-.

Behaldninga ved årets slutt var kr 413.749,08.

Det har vore utbetalt tilskot til skogsvegbygging i Feios i 2022 med kr 68.477,-.

AKTIVITETS RAPPORT FRÅ BRANDSØY 2022

Etter at planteproduksjonen vart lagt ned for nokre år sidan er det framleis mykje som må gjerast på Brandsøy, men prosjektsatsinga er framleis høg. Dagleg leiar gjekk ut i foreldrepermisjon frå midten av april fram til august, og det vart då mindre ressursar til å halde fram aktivitetsnivået frå 2021. Arrangementa familiedagar med stubbekonsert som var vellukka i 2021 vart ikkje prioritert i 2022, og det var færre skuleskogdagar i løpet av året.

Men innsatsen på korte kurs i skogbruket, skogkulturprosjekt og skogsvegprosjektet har haldt fram i same tempo, og det har ført til fleir skogdagar for skogeigarar, og fleire bygde skogsbilveggar i fylket.

EIGEDOMEN

Skogselskapet opplev stadig etterspørsel etter å leige areal til lager/oppbevaring, og det er i dag leigd ut areal for bular og maskiner på eigedomen. Elles har det blitt satt opp naturstiskilt langs vegen opp til Brandsøyåsen. Det vart utført noko enkel vedlikehald av driftsbygningen og mindre reprasjonar av utstyr i løpet av året. Vi vart råka av noko vindfall og fekk rydda det vekk og levert tømmeret til tømmerkjøpar.

KONTAKT MOT SKULAR OG ÅLMENTA

Under koronatida lærte Fylkesskogselskapa å bruke meir digitale verktøy for å nå ut til fleire av ålmenta. Til dømes vart det satt opp QR koder med natursti på markeringa av FNs Internasjonale Skogdag 21.mars, der fleire hundre deltok. Elles vart det gjennomført 3 skuleskogdagar på våren for om lag 100 elevar. På hausten blei det gjennomført 1 skuleskogdag for 40 elevar med skiltoppsetting langs ein skogsbilveg i Bergen.

Den 4. august deltok Sogn og Fjordane Skogselskap under 4H sitt landstreff på Breim. Ungdommane fekk opplæring i bruk av motorsag og planting av skogplanter.



PROSJEKT

Skogselskapet er prosjektansvarleg for 3 næringsretta skogfaglege prosjekt; Skogsvegprosjektet, Prosjekt skogkulturmotivasjon som begge er i hovudsak finansiert av Statsforvaltaren i Vestland, og Korte Skogbrukskurs er delfinansiert av Vestland Fylkeskommune.

I vegprosjektet blir det jobba med til saman: 62 ulike vegprosjekt i Vestland fylke. Her tilbyr skogselskapet gratis rettleiing for skogeigarar som er interesserte i å bygge skogsbilveg for å drive skogen.

Gjennom skogkulturprosjektet vart det arrangert 24 skogdagar med 253 deltakarar. Prosjektet har som mål å auke motivasjonen til skogeigarar for å drive med skogkultur.

I løpet av 2022 vart det arrangert 38 skogarrangement for 517 deltakarar gjennom prosjektet Korte Kurs, som har som mål å auke kunnskapen om skog og skobruk i fylket.

SKOGSDRIFT

Det vart avverka 30 m3 edelgran i 2022, som var eit resultat av vindfall.



DRIFT AV EIGEDOMEN

Utleige: Vi leiger ut areal til Sunnfjord Hestesportsenter, Florø Golfklubb og to mindre leigetakarar i område. Det arbeidast med å vidareutvikle område, for å legge til rette for dei som allereie leiger areal, men også dei som nyttar område til rekreasjon.

Våningshuset er bortleigd, og i driftsbygninga leiger Kinn kommune eit arbeidsrom, resten er nytta til eige drift og utleige av lageroppald.

PLANTELEVERING

I 2022 leverte vi 790 fjelledelgran og 40 gran.

MØTER OG SAMLINGER

Den 13. desember var det juleverkstad på Brandsøy, der 10 vaksne og 12 born deltok for å lage julepynt av tre og treprodukt. Nestleiaren vår, Merete Larsmon demonstrerte og lærte deltakarane korleis ein lagar krans av pyntegrønt. Det vart servert både julekaker og solbærtoddy varma over bålet.

Elles har dagleg leiar delteke på månadlege digitale møter med Det Norske Skogselskap og andre fylkeslag. Dagleg leiar og styreleiar deltok på landsmøte i juni og rådsmøte i november. Dagleg leiar og Svein deltok på tilsettesamling i Finnskogen i Hedmark i oktober.

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I SOGN OG FJORDANE SKOGSELSKAP PÅ THON HOTEL JØLSTER, SKEI, 12. MAI 2022 KL. 10.00.

I alt deltok 21 personar på årsmøtet.

SAK 1 – OPNING

Styreleiar Terje Engvik ynskte velkomen til årsmøte. Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste. Terje Engvik vart vald til møteleiar, Ruben R. Bøtun til referent. Til å skrive under protokollen vart Olai Tefre og Leiv Sølvberg valde. Grunna kraftig regnvêr vart den planlagde synfaringa etter årsmøtet avlyst.

SAK 2 –

PRESENTASJON AV DIPLOMPROSJEKT KRING LOKALT TRE AV NIKOLINA SØGNEN, TREVIRKELAGET SA

Nikolina Søgna hald eid interessant presentasjon kring lokalt trevirke på vestlandet. Det var ei diplomoppgåve i samarbeid med Ida Wressel der ein skulle finne ut kvifor ein ikkje nytta meir lokalt virke. For meir info om prosjektet: <https://www.trevirkelaget.no/>

SAK 3 – ORIENTERING OM AKTIVITETEN I SKOG- SELSKAPET VED DAGLEG LEIAR

Ruben Bøtun informerte om prosjektsatsingane som er vidareført frå tidlegare år, som Korte Kurs, Motivasjonsprosjekt i skogkultur og Skogsbilvegprosjektet. I vinter blei det tilsett ein ny vegplanleggar, Guri O. Tyssebotn, som erstattar Tormod Jacobsen som blei pensjonist 1. april. Egil Devig har blitt tilsett på timar for å jobbe med eit fellesplan-prosjekt i regi av Statsforvaltaren i Vestland. Det var stor interesse for skogdagar i heile fylke.

I tillegg til desse prosjekta har det vore nokre enkeltprosjekt der Skogselskapet på oppdrag frå Kinn kommune skal lage ein skjøtselsplan over Storåsen i Florø, og eit Hemlokk-prosjekt over Brandsøyåsen på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Arbeidet som sekretær for Vestland Skognæringsforum held fram som i fjor, der me får inntekt frå Kystskogbruket.

SAK 4 – ÅRSMELDINGA 2021

Årsmeldinga vart sendt ut ilag med innkallinga, og styremeldinga vart gjennomgått av Terje Engvik.

Det er svært gledeleg med den store medlemsauken, det vart nemnt sal av industriarealet og samarbeidet i Det Norske Skogselskap. Fylkesskogselskapa har blitt oppfordra frå DnS om kommunikasjon med nærliggande fylkeslag med potensielt samarbeid.

Terje Engvik er foreslått til ny ordstyrar i DnS styret, og Ruben er valt inn som vara i styret.

Etter orienteringa følgde ein spørsmålsrunde og debatt med innlegg frå: Olai Tefre, Merete Larsmon, Arnt H. Munthe, Leiv Sølvberg, Svein Saure, Arnt Magne Paulen og Terje Engvik.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

SAK 5 – REKNESKAP FOR 2021

Terje Engvik gjekk gjennom hovudtal frå rekneskapen. Anders Hestad refererte revisjonsmeldinga.

Lånetida for Borregaards skogreisingsfond har no løpt ut, og Orkla har sendt ein del av pantobligasjonane til oss.

Rekneskapen synte eit overskot på 165 885 kroner, og avkastninga på fondplasseringane var ved årsskiftet +2,1%.

Rekneskap vart samrøystes godkjent.

SAK 6 –

FASTSETJING AV MEDLEMSKONTINGENT FOR 2023

IDet blei lagt framlegg om uendra kontingent på kr 350 kroner, og familiekontingent på kr 500 med éi stemme pr. familie i Sogn og Fjordane Skogselskap.

Framlegget om uendra kontingent vart einstemmig vedtatt.

SAK 7 – VAL OG FASTSETJING AV TILLITSVALDE- GODTGJERSLER

Innstillinga frå valnemnda vart opplest av leiar i valnemnda Magnus Moe og vala gjennomførde av møteleiaren. På val som styremedlemmer stod Arnt Magne Paulen og Terje Engvik. Arnt Magne Paulen kan ikkje stille til attval etter tre periodar i styret. Valnemnda hadde denne innstillinga:

Ny styremedlem etter Arnt Magne Paulen: Merete Larsmon
Attval på Terje Engvik som styremedlem
Styreleiar: Attval på Terje Engvik
Nestleiar: Merete Larsmon
Varamedlem: Attval på Jakob Devig og 2.vara Inge Rolf Torstad
Revisorar: Attval på Anders Hestad og Jarl Henrik Devik.

Ingen bad om ordet i samband med vala, og kandidatane som valnemnda hadde gjort framlegg om, var valde ved akklamasjon.

I valnemnda gjekk leiaren Jon Otto Skålbones ut etter tre års funksjonstid. Som ny medlem etter Skålbones vart Arnt Magne Paulen samrøystes vald.



Årsmøte 2022.

Valnemnda gjorde ikkje framlegg om justering av satsar for godtgjersle til tillitsvalde:

Fast årleg leiargodtgjersle: uendra på 12 000 kroner
Styremedlem: uendra på 2300 kroner pr. møte
For nettmøte (Teams): Halv møtegodtgjersle.

Møtegodtgjersle kjem i tillegg til leiargodtgjersle.

Reise etter statens satsar.

Framlegget vart samrøystes vedteke og Terje Engvik takka av Arnt M. Paulen.

Etter vala på årsmøtet har styret denne samansetninga:

Terje Engvik, leiar (på val som styremedlem i 2025)
Merete Larsmon, nestleiar (på val som styremedlem i 2025)
Anders Lorentzen, styremedlem (på val som styremedlem i 2023)
Tom Idar Kvam, styremedlem (på val som styremedlem i 2024)
Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)

Varamedlemmer (på val kvart år):


1.vara: Jakob Devik

2.vara: Inge Rolf Torstad


Personleg varamedlem for Erlend Herstad: Tore Fossen (oppnemnd av fylkeskommunen)

Valnemnda er etter vala sett saman av: Arne Kristian Borger (leiar), Magnus Moe og Arnt Magne Paulen.


Olai Tefre


Leiv Sølvberg


Terje Engvik


Ruben Bøtun

Skogbruket i Sogn og Fjordane 2022

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

KONTAKTPERSON

E-POST

Dirk Kohlman

fmhodkt@statsforvalteren.no

Gro Kamp Hansen

grkha@statsforvalteren.no

Torkel Hofseth

fmsftmh@statsforvalteren.no

Torleif Skage

tskag@statsforvalteren.no

Torgrim Østgård

toost@statsforvalteren.no

Turid D. Eikås

fmsftdi@statsforvalteren.no

KOMMUNE

KONTAKTPERSON

EPOST

Askvoll, Fjaler

Johannes Folkestad

johannes.folkestad@askvoll.kommune.no

Askvoll, Hyllestad

Kenneth Aaland

kenneth.aaland@askvoll.kommune.no

Bremanger

Bjørn H Marthinussen

bhm@bremanger.kommune.no

Gloppen

Karoline Bjerkeset

karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no

Gloppen

Lindis B Østgård

Lindis.Ostgard@gloppen.kommune.no

Kinn

Jan Osa

jan.osa@kinn.kommune.no

Kinn

Jon Anders Stavang

Jon.Anders.Stavang@kinn.kommune.no

Lærdal, Årdal, Luster

Arne Kristian Borger

arne.kristian.borger@luster.kommune.no

Sogndal

Finn Olav Myhren

finn.olav.myhren@sogndal.kommune.no

Solund, Gulen

Halvor Brosvik

halvor.brosvik@gulen.kommune.no

Stad

Karoline Bjerkeset

karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no

Stryn, Gloppen

Bjørnar Eikenes

bjornar.eikenes@gloppen.kommune.no

Sunnfjord

Henning Malones

Sverre.Henning.Malones@sunnfjord.kommune.no

Sunnfjord

Oddbjørn Sellevoll

Oddbjorn.Kare.Sellevoll@sunnfjord.kommune.no

Vik, Høyanger

Hauk Erik A. Øren

hauk.amundsen.oren@sogndal.kommune.no


ÅRSMELDING FOR SKOGKULTUREN I SOGN OG FJORDANE 2022

Etter to år med epidemi blei 2022 eit rekordår med tanke på skogkulturen i Vestland fylke. Den vande utanlandske arbeidskrafta var tilbake for næringsaktørane og dette hjelpte til å få teke etterslepet som har hopa seg opp gjennom stengde grenser under korona-epidemien. I Sogn og Fjordane utgjorde nyplanting og suppleringsplanting knapt 744 000 plantar, ein oppgang på 60 % samanlikna med i fjor. Høge tømmerprisar bidreg i riktig retning for å halde tritt med tilplanting av areala som avverkast.

Eit spanande prosjekt med tanke på overlevinga til plantene, i regi av Statsforvaltaren i Vestland, blei sett i gang dette året. Prosjektet er viktig for å kunne gje svar på foryngingsproblema våre, då vi ser at ein god del planter døyr. Vil store planter greie seg betre enn mindre planter på Vestlandet? Eg vil trekke fram problematikken med snutebilla som den største utfordringa vi har. NIBIO har i sin store snutebilleundersøking 2009 - 2010 konstatert store skadar på foryngelsen i Vestlandsfylka, våre område skil seg ut samanlikna med andre delar av landet. Matfatet blir ikkje mindre med auka hogst, men det er dyrt for både skogeigaren og staten å føre snutebilla med små granplanter.

I prosjektet er totalt 1650 planter av plantetypane M95, M60, SA100 utplanta i fleire forsøksfelt spreidd rundt om i Sogn og Fjordane. Alle plantene er toårige og kjemisk behandla mot snutebille. Vi fekk hjelp frå ein masterstudent til registreringa etter fyrste vekstsesong så vi har ingen konkrete tall enda. Vi har likevel observert store skadar allereie både i Nordfjord, Sunnfjord og i Indre Sogn, så det er ingen tvil om at vi har treft på store snutebillepopulasjonar. Samstundes registrerast det òg skadar og avgang grunna andre årsaker, så vi får eit bilde på kor mykje skade til dømes hjorten gjer òg. Vi følgjer med på utviklinga i desse felta heilt til areala er rekna som sikker for snutebille, det vil seie at hausten 2025 blir siste registrering.

Bakgrunnen for prosjektet er vist i denne figuren:



Vi får inn mykje god informasjon frå kommunane i Resultatkartlegging skog og miljø, der utvalde hogstfelt som er 3 år gamle blir trekt ut til kontroll kvart år. Der det er gjennomført planting blir plantetalet registrert. Eg såg på dette for å kunne lage ein graf som viser utviklinga frå 2009 og fram til 2021. Eg har utelete dei felta som har blitt suppleringsplanta før kontrollen fann sted. Grafen talar for seg sjølv.

Vi ser også av statistikken at ved suppleringsplanting krevst det mange planter for å oppnå fullgod tettheit på arealet. Gjennomsnittet for Vestland sidan 2017, der vi byrja å registrere areal på suppleringsplantingane, viser at det krevst 135 planter/daa. Vi set som føresetnad at vi då etter supplering har ein tettheit på 220 - 250 planter/daa på våre bonitetar. Basert på alt dette døyr 50 % av plantene. Talet blir underbygga av resultatkartleggingane, der 40 % av arealet i frå 2017 til 2022 bryt med forskrift om berekraftig skogbruk når det gjeld kva som reknast som «minste lovlege plantetal». For bonitetane G20 - G26 er denne sett til 150 planter/daa. 40 % av alt areal frå 2017 til 2022 har altså plantetal under 150 planter/daa. Dette er ikkje berekraftig!

Av alt nyplantingsarealet frå 2017 til 2022, er det 14 % som blir suppleringsplanta i Sogn og Fjordane. Dette nivået skulle nok vore atskilleg høgare, så vi oppmodar skogeigarane til å sjekke felta sine 3-4 år etter planting. Styresmaktene skjønner kor viktig det er å ha skog som utnyttar veksten til fulle, og difor har det dei siste åra vore eit sentralt tilskot mellom anna til suppleringsplanting. Saman med ordinære NMSK-midlar frå kommunen og 40 % sentralt tilskot blir det i år gode vilkår for å supplere.

Ungskogpleie er eit fokusområde nasjonalt med tanke på klimatiltak i skogen. I Vestland blei det notert ny rekord, og pila peiker oppover òg i Sogn og Fjordane med totalt 375 daa. Dette er eit tema som blir presentert på skogdagar og av forvaltninga elles, men det er framleis langt å gå. For å setje det litt i perspektiv er 375 daa berre 7 % av det totale ungskogarealet som blei pleidd i 1995 i Sogn og Fjordane. 40 % pleier ungskogen sjølve, resten er mannskap via tømmersekskapa. Ei elevverksemd frå Mo og Øyrane VGS hadde oppdrag i Sunnfjord, og i Glommen var det elevar frå Folkehøgskulen som hadde oppdrag, og nokre skogeigarar har brukt ungdom på garden til å gjere arbeidet. I tillegg bruker AT Skog ein student på oppdrag i Sunnfjord i skrivande stund. Alt dette vil eg trekkje fram som særst positivt. Skognæringa har lenge peika på behovet for rekruttering, og difor er skogen ein fin arena å byrje med både ryddesag og holpipe, for å tene pengar på arbeid i skogen. Gjennomsnittleg tilskotsnivå på ungskogpleie i Sogn og Fjordane var 54 % i 2022. I tillegg vil bruk av vere særst gunstig økonomisk for skogeigar, og trygge skogens vekst og stabilitet i eit meir krevjande klima.

*Torggrim Østgård,
Seniorrådgjevar Statsforvaltaren i Vestland*

NYPLANTING OG SUPPLERINGSPLANTING 2022

KOMMUNE		ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4602 - Kinn	NYPLANTING	9 620	49	75 788	53 048
4638 - Høyanger	NYPLANTING	24 580	100	210 330	106 378
4639 - Vik	NYPLANTING	11 500	43	85 950	43 140
	SUPPLERINGSPLANTING	1 500	20	9 750	5 850
4640 - Sogndal	NYPLANTING	53 700	222	390 800	195 400
4644 - Luster	NYPLANTING	185 900	767	1 539 324	1 077 524
	SUPPLERINGSPLANTING	800	7	7 200	5 760
4645 - Askvoll	NYPLANTING	42 110	232	289 659	173 792
4646 - Fjaler	NYPLANTING	31 730	144	316 925	138 269
4647 - Sunnfjord	NYPLANTING	236 010	930	1 704 225	869 800
	SUPPLERINGSPLANTING	1 500	9	10 650	5 325
4648 - Bremanger	NYPLANTING	1 000	3	7 500	4 500
4649 - Stad	NYPLANTING	40 950	208	319 488	161 322
	SUPPLERINGSPLANTING	2 500	17	21 000	12 750
4650 - Gloppen	NYPLANTING	66 397	306	539 140	265 560
	SUPPLERINGSPLANTING	3 975	35	34 575	25 859
4651 - Stryn	NYPLANTING	24 910	131	182 845	91 927
	SUPPLERINGSPLANTING	6 000	35	54 000	16 200

UNGSKOOGLEIE 2022

KOMMUNE		AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4602 - Kinn	UNGSKOOGLEIE	75	52 500	36 750
4602 - Gulen	UNGSKOOGLEIE	17	11 600	5 800
4637 - Hyllestad	UNGSKOOGLEIE	16	6 450	3 225
4644 - Luster	UNGSKOOGLEIE	8	5 600	3 920
4647 - Sunnfjord	UNGSKOOGLEIE	90	66 000	33 000
4649 - Stad	UNGSKOOGLEIE	83	77 712	38 856
4650 - Gloppen	UNGSKOOGLEIE	58	40 600	20 300
4651 - Sryn	UNGSKOOGLEIE	28	7 000	3 500

ANDRE SKOGKULTURTILTAK 2022

KOMMUNE		ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4635 - Gulen	FORHÅNDSRYD. TYNNING		99	3 200	1 600
4644 - Luster	FELLING NYTTB. LAUV	75	11	11 550	
4647 - Sunnfjord	FLATERYDDING		16	2 450	1 225
4647 - Sunnfjord	ETABL.JULETREPROD.	2 000	4	48 759	
4648 - Bremanger	GRØFTE-/BEKKERENSK	300		5 000	
4649 - Stad	ETABL.JULETREPROD.	500	1	5 920	
4650 - Gloppen	FLATERYDDING		21	10 200	
4651 - Stryn	FLATERYDDING		1	1 800	720
4651 - Stryn	FLATERYDDING		26	22 400	8 960

LØYVINGAR TIL SKOGSVEGAR OG FERDIGGODKJENDTE I SOGN OG FJORDANE 2022

	VEGNAMN	VEG- KLASSE		TAL INTERESSENTAR	LØYVING 2022
HYLLESTAD	BLEIKLIVEGEN	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	1	564 000
HYLLESTAD	SAGAVEGAN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	279 300
VIK	ØYASETEVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	12	0
VIK	ØKSDALSVEGEN 4	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	36 000
SOGNDAL	PÅFUNNVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	2	48 000
SOGNDAL	NYGARDSVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	7	0
SOGNDAL	STEGURI	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	2	0
SOGNDAL	HATLEHAUGVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	7 740
LUSTER	VÅRSTØLVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0
LUSTER	SPILDERFOSSVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0
LUSTER	GARDSHAUGVEGEN	5	SKOGSBILVEG U/HENGAR	1	207 280
ASKVOLL	FLÅTENVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	60 000
FJALER	BASELIVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0
FJALER	LANDBRUKSVEG 277/4	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	0
FJALER	ØYKJEÅSVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	38 700
FJALER	EIKEVIKVEGEN	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	2	2 006 388
FJALER	NIPA	3	HEILÅRS SKOGSBILVEG	2	0
SUNNFJORD	VIKALIVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	5	895 652
SUNNFJORD	ØYRANEVEGEN	5	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	0
SUNNFJORD	RÅHEIMSVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	3	0
SUNNFJORD	FØLLINGSVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	2	1 510 000
SUNNFJORD	KLYPEVEGEN OMBYGGING	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	50 000
STAD	KAMBEVEGEN	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	0
STAD	SLETTEBERGVEGEN 2	8	LANDBRUKSTRAKTORVEG	12	
STAD	SØRSIDEVEGEN I EID - DEL 1	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	17	2 134 573
GLOPPEN	RANDIVEGANE	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	6	0
GLOPPEN	VELTEPLASS - ALMSMARKVEGEN II	5	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	2	0
GLOPPEN	SKORVAVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	60 000
GLOPPEN	PARSELLAR - ALMSMARKVEGEN II	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	120 000
STRYN	TEINEVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	6	17 950
STRYN	KLYPEVEGEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	13	170 375
STRYN	SKOGSVEG ØVREKVIA	7	TRAKTORVEG FOR LASSBERAR	1	110 000
STRYN	SKOGSBILVEG PLASSEN	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	120 000
STRYN	LUNNEPLASS ROBJØRGANE	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	385 000
STRYN	SKOGSBILVEG STAURI	4	SKOGSBILVEG FOR BARMARKSPERIODEN	1	476 160
				113	9 297 118


LØYVINGAR TIL SKOGSVEGAR OG FERDIGGODKJENDTE I SOGN OG FJORDANE 2022

UTBETALT 2022	TOTALT			NY- ANLEGG			OM- BYGGING			GOD- KJEND
	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	BRUER (TAL)	LENGDE (M)	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	LENGDE (KR)	KOSTNAD (KR)	TILSKOT (KR)	
534 600	891 000	534 600		0	0	0	1 120	891 000	534 600	*
0										
159 250										
0										
0										
50 000	1 085 200	400 000	1	660	585 200	215 702	750	500 000	184 298	*
50 625										
28 740	376 313	217 740		200	366 313	211 954	20	10 000	5 786	*
85 520										
12 758										
129 792										
60 000	150 000	60 000		70	150 000	60 000	0	0	0	*
61 391										
9 505	113 706	34 112		0	0	0	189	113 706	34 112	*
298 700	737 001	298 700		330	429 001	173 870	440	308 000	124 830	*
0										
1 050 000										
1 679 683										
134 860	1 979 800	1 150 000		1 150	1 979 800	1 150 000	0	0	0	*
173 803										
0										
50 000	125 080	50 000		0	0	0	725	125 080	50 000	*
86 278										
	273 781	219 025		1 127	273 781	219 025	0	0	0	*
1 617 315										
131 208	273 350	131 208		0	153 350	0	731	120 000	131 208	*
73 846	164 100	73 846		30	164 100	73 846	0	0	0	*
0										
0										
112 033										
189 419	3 062 533	2 404 520		0	0	0	3 225	3 062 533	2 404 520	*
110 000	148 600	110 000		310	148 600	110 000	145	0	0	*
0										
0										
0										
6 889 326	9 380 464	5 683 751	1	3 877	4 250 145	2 214 397	7 345	5 130 319	3 469 354	13

BEREKRAFT, VERKELEG - FYLKESKOGMEISTER I TEKNISKE FAG

I 2022 vart det hogd heile 180 000 m³ i dei kommunane som tidlegare utgjorde Sogn og Fjordane (med unntak av Hornindal). 11 % av hogsten var furu, og det er sju gangar so mykje som året før. Sist det var eit toppår for furuhogst var i 2012, i samband med oppryddinga etter orkanen Dagmar. Då var forresten massevirkeandelen 47%, mot berre 32% i fjor. Snittprisen for furua i 2022 var likevel berre 420 kroner per m³, mot 407 kroner i 2012 (justert til 2023-kronar).

Prisen på sagtømmer av gran har helde seg høgt og over 550 kr per m³ sidan hausten 2021. Massevirkeandelen er rekordlåg, berre 18%, vel og merke fordi det vert levert sams massevirke/sagtømmer (skurslip) til eksport. Snittprisen på gran enda dermed opp på kr 507 kr per m³ i 2022.



Høg produksjonen med eksepsjonell kvalitet gjer at skogareala på vestlandet mest sannsynleg har den høgaste arealavkastninga frå skog i Nord-Europa.

Då er det vanskeleg å forstå kvifor so mange skogeigarar manglar motivasjon for å plante etter hogst, over halve hogstarealet vert nemleg liggande brakk. Samstundes vert skogen jamt over hogd ti år før han eigentleg er hogstmoden. Det gjev pengar i lomma no, men samstundes også ein reduksjon på 30% av mengda tømmer som kunne vore teke ut.

Tilsynelatande kan nok skogbruk virke ganske ukomplisert. Men for å lykkast i skogbruket må du forstå vekstdynamikken i skogen og du må kjenne til skattereglar og effekten av skogfond. Det er mange skogeigarar på Vestlandet og eigedomane er dei minste i landet, du må difor vere førebudd på å samarbeide med naboane om vegar og hogst. Ikkje minst må du kjenne til spesielle natur- og miljøverdiar og vite korleis du tek omsyn til dei.

Difor trengs det gode og langsiktige planar for korleis dei skal drive skogen, og når skogteigane er små må dei i tillegg involvere naboane i planlegginga.

Vi kan nok ikkje forvente at dei fleste skogeigarar med små eigedomar set seg veldig godt inn i kva som skal til for å drive eit økonomisk godt og berekraftig skogbruk. Ikkje minst fordi skogbruk i motsetnad til det aller meste anna er so langsiktig.

Den norske skogpolitikken baserer seg på fridom under ansvar. Det passar dei aktive og gjerne litt større skogeigarane godt, dei kan planlegge skogbruket slik det passar dei, utan særleg offentleg innblanding. Dei har lite behov for eit offentleg rettleingsapparat og i alle fall ikkje eit kontrollapparat. Gjennom dei lokale skogeigarorganisasjonane og Skogeigarforbundet og Norskog har dei aktive skogeigarane hatt stor påverknad på den norske skogpolitikken.

Skogbruk er ein del av landbrukspolitikken i Norge og dermed ein viktig del av distriktpolitikken. Den landbrukspolitisk motiverte

rettleiingstenesta har gradvis blitt flytta bort frå det offentlege til andre aktørar, som landbruksrådgjevinga og samvirkeføretaka og skogeigarlaga, Skogkurs og Skogselskapet for skogbruket sin del. Men det er stor skilnad på korleis ein skogeigar som hogg kvart femtiande år og ein bonde midt i årshjulet i eit aktivt jordbruk oppfatar behovet sitt for rettleiing. I alle fall dei åra skogeigaren ikkje hogg. Vi har aktive og profesjonelle heiltidsbønder som i samspel med rettleiingstenesta driv jordbruket framover og sikrar drifta av jordbruksareala. Vi har også eit aktivt skogbruk, men få eller ingen aktive og profesjonelle skogeigarar, og utviklinga er også i mykje mindre grad drive av skogeigarane. Det påverkar også innretninga på skogbruksrådgjevinga, men knapt nok i nokon rasjonell retning. Det er eit faktum at når skogen nærmar seg hogstmoden og behovet for råd om økonomi, veginvesteringar og nabosamarbeid er størst, er det tømmerkjøparar som møter skogeigaren, ikkje rådgjevarar. Dette får vi bekrefte ved gjennomgang av skogfondsinnbetalingane frå skogeigarar som hogger og også nyleg har investert i veg. Dei fleste set av alt for lite til å dekke både dei investeringane dei har gjort og kostnaden med forynging.

Dei fleste utvikla land har eit mål om å byggje opp skogressursane sine, inkludert ein handlingsplan for korleis det skal gjerast, så også Norge. Skogreisinga på vestlandet og i Nord-Norge var eit strålende døme på korleis slik nasjonal politikk kunne utførast. Dei siste åra, tvert om, har dei verdifulle skogressursane på vestlandet i staden blitt bygd ned. Det er eit direkte resultat av at skogen blir hogd 10 år før han er hogstmoden, og heller ikkje planta til etterpå.

I Tyskland, Frankrike og Østerrike er det vanleg at mindre skogeigarar organiserer seg i skogkooperativ. På den måten får alle eigarane i eit område både høve til og press på seg til å drive skogen sin i samsvar med profesjonelle skogfaglege råd. Styresmaktene i dei landa jobbar aktivt for å initiere slik organisering.

Oppslutnad om FN sine berekraftmål skal sikre levekåra på jorda, også i framtida. Underleg nok let det til å vere meir høgteknologiske alternativ enn skogbruk som for det meste er tema når vi debatterer den berekraftige framtida vår.

Skogbruk, som i følge FN faktisk er noko av det mest berekraftige vi kan drive med, er kanskje ikkje fancy nok?

Dessutan handlar det om noko som er so langsiktig at den politiske vinsten lite truleg kan haustast i nokon overkommeleg valperiode.

På vestlandet er det først og fremst fungerande handlingsplanar som manglar. Den norske skogpolitikken er ikkje tilpassa dei høgast produserande skogareala i landet, og mens alle politikkarar stort sett snakkar varmt om kor viktig det er med skogbruk, evner ingen å gjere noko med problemet. Kanskje er det fordi det er lita politisk vinst i å engasjere seg i noko som er so langsiktig?

Dei skogfaglege rådgjevarane som møter skogeigarane med deira beste som mål og nasjonal skogpolitikk i bakhovudet, finnst knapt nok.

Og da er det ingen til å forklare skogeigarane korleis dei skal stille seg til kompleksiteten i det tilsynelatande ukompliserte skogbruket.

Vi kan sikkert leve med at det er slik i dag. Spørsmålet er om vi kan leve med det i framtida?

Torkel Hofseth
Fylkesskogmeister



ÅRSMELDING 2022 - SKOGBRUKET I SOGN

Skog i Sogn er ei fast ordning for alle dei 7 kommunane (Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Årdal, Lærdal og Aurland) i Sogn Region, eit interkommunalt samarbeid. Ressursar til ei fagleg god forvaltning vert kopla med ressursar til nærings- og utviklingsarbeid innan skogbruket, og ein har fått samla den skogfaglege miljøet i regionen på tre stillingar (2,6 årsverk). Det har vore endringar i samarbeidet i 2022 og Hauk Amundsen Øren har teke over for Christian Karkalatos som sakshandsamar for skogbruk i Høyanger og Vik. Finn Olav Myhren har framleis ansvar for Sogndal og arbeider i tillegg med viltforvaltninga her.

Arne Kristian Borger har ansvar for Luster, Årdal, Lærdal og Aurland. (60 % stilling)

Skog i Sogn har og nært samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane og At-skog som har vore den dominerande tømmerkjøparen i distrikta våre.

SKOGSDRIFT

Statistikken for avvirking viser at det blei omsett 47.822 m³ (42.133 i 2021) av bartrevirke. Av dette var 34.834 m³ gran (40.840) og 12.988 m³ furu (1293). Prisen på furu gjekk monaleg opp i 2022 noko som forklårar dreininga over på meir furu.

Fyrstehandsverdien på alt virke er på omlag kr. 23,6 mill. Nesten ei tredel av kvantumet (15.100 m³) er blitt hogd med hogstmaskinar i Luster, medan det i Sogndal har vore både hogstmaskiner og taubanedrifter som til saman har produsert 21.000 m³. Elles merker Høyanger seg ut med 7619 m³, det meste hogd med taubane.

Det er utbetalt driftstilskot til i alt 11 skogeigarar (13) for ferdige taubanedrifter, og desse har produsert 10.562 m³ tømmer. Summen av driftstilskota er på kr 1.585.736.

SKOGKULTUR

30 skogeigarar (31) har hatt aktivitet med skogkultur i Vik, Luster, Sogndal og Høyanger. 18 av desse høyrer til Luster kommune. Det er innan tilskotsforvaltninga gjeve tilskot på til saman 275.680 stk. granplanter (98.895 stk.) og mykje av plantingane har vore i Luster kommune med 186.000 stk. Plantinga i heile Skog i Sogn sin region svarar til ca. 1132 daa (400 daa) med plantemark. Det er i tillegg sett ut 2300 stk. (1500) som suppleringsplanting. Det har vore utført ungskogpleie på 8 daa (334daa), ei markant nedgang frå rekordåret 2021.

Det er ikkje utført markriving/markberedning for naturleg forynging av furu i 2022, medan talet i 2021 var på 28daa.

SKOGSVEGBYGGING

Det har dei siste åra vært stor aktivitet på skogsvegbygging. Og mange skogsvegprosjekt er framleis under bygging. I 2022 er det betalt ut kr. 437.945 (kr. 1 019 222) i tilskot til seks av skogsveganlegga som er under bygging. Tre av desse er i Luster kommune.

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL

Det har vore trekt ut 4 felt for resultatkontroll.

Når det gjeld drifter over 250 m³ der det ikkje er registrert planting innan tre år, skal kommunen følge opp dette med ein foryngingskontroll. 11 skogeigarar har stått på denne lista i 2022 og er blitt kontakta.

KURS, FAG- OG SKOGDAGAR

Det har vore arrangert i alt 6 (11) motorsagkurs fordelt på Gaupne i Luster, Sogndal og Vik.

Skog i Sogn har i samarbeid med Skogselskapet og At-skog arrangert i alt 14 (8) skogdagar rundt om i regionane, med tema som kapping, skogfond og ungskogpleie. Arrangementa har vore i Luster, Sogndal, Vik, Årdal og Høyanger.

PROSJEKTER

Prosjekt ungskogpleie med fokus på avstandsregulering og stell av ung skog gjennom skogdagar, kurs, oppsøkende verksemd. Ekstern hjelp av instruktør frå Skogkurs og tidlegare skogbrukssjef Jørgen Hundseth som har kartlagt Høyanger kommune. Ti stk. skogeigarar har trong for ungskogpleie på 164 daa i tillegg til suppleringsplanting på 53 daa.

Gaupne 13.12.2022

*Arne Kristian Borger
Hauk Amundsen Øren
Finn Olav Myhren*



OVERSIKT OVER SKOGVEGPROSJEKTA FERDIGGODKJENT 2022:

VEGNAMN	LENGDE OMB. m	LENGDE, NY. m	KOSTNAD, KR	STATSTILSKOT KR
Nygardsvegen, Sogndal	660	750	1.085.200	400.000
Hatlehaugvegen Sogndal	20	200	376.313	211.954
Totalt	680	950	1.461.513	611.954

ÅRSMELDING 2022 - SKOGBRUKET I GLOPPEN

AVVERKING

Det vart avverka 11 573 m³ totalt i Gloppen i 2022 med ein samla verdi på kr 5 533 364. Dette er ein liten nedgang frå 2021 då det var levert i underkant av 18 000 m³. Sagtømmerprosenten var 75 %. Gran utgjorde 96 % av det som vart avverka. Det var i tillegg avverka 145 m³ med ved til brensel.

Gjennomsnittleg skogfondstrekk var på 10 %.

SKOGKULTUR

I 2022 var det nyplanta på 300 dekar og suppleringsplanta på 35 dekar. Totalt var det gjennomført ungskogpleie på 58 dekar. Det har også vore flaterydda på 21 dekar som førebuing til planting. Totalt 17 skogeigarar fekk tilskot.

ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Kommunen legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette med å stille med fagkompetanse og opplæring. Frå kommunen si side er det eit kontinuerleg arbeid for å få planta til att avverka areal, men også for å få auka del areal der det vert gjennomført ungskogpleie. Skogselskapet sitt prosjekt i 2022 med ungskogpleie har vore viktig ved at det vert auka kapasitet til å følgje opp skogeigarar som har behov for ungskogpleie og der kommunen kan følgje opp i samarbeid med skogselskapet. Vegplanleggarane i skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging.

Faglege arrangement er viktig for å auke interessa for å forvalte skogen og for å auke kompetansen blant skogeigarane slik at dei kan forvalte skogen på best mogleg måte. I Gloppen kommune har det i 2022 vore gjennomført kappedag, motorsagkurs, ungskogpleiedag og skogfondkurs. I tillegg var det arrangert eit kurs for nye skogeigarar som gjekk gjennom litt grunnleggande om skogforvaltning. Dette kurset var og relevant for gamle skogeigarar som ønskte litt oppfrisking. Ungskogpleiedagen hadde diverre lita oppslutning, men det trur vi har samanheng med tidspunktet for kurset. Det er i tillegg rom for endå fleire deltakarar på dei andre kursa og fagdage som har vore sett i gong. Kommunen har også eit eige nyheitsbrev frå landbrukskontoret der vi legg vekt på å ha med skogrelevant stoff.

OPPSUMMERING

Interessa for skog og skogbruk aukar når prisane er gode. Vidare opplever vi at det er viktig at skog og skogbruk er framme i nyheitsbiletet når det gjeld klima for også å auke interessa. Det er stor trong for auka kunnskap og kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane Skogselskap held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

Sandane, februar 2023

Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad.

Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad



Kappedag Gloppen. Foto: Karoline Bjerkeset

ÅRSMELDING 2022 - SKOGBRUKET I STAD

AVVERKING

I Stad kommune vart det avverka 16 685 m³ med ein samla verdi på kr 8 640 123. Dette er ei dobling frå avverka volum i 2021. Sagtømmer utgjorde 69 %. Gran utgjorde nesten 100 % av det som vart avverka. Vidare vart det avverka 67 m³ ved til brensel. Taubane vart nytta til å avverke 2170 m³ og 43 daa. Dette er berre drifter der søknad og utbetaling av tilskot er ferdigstilte.

SKOGKULTUR

I løpet av 2022 vart det nyplanta på 208 dekar og suppleringsplanta på 17 dekar. Det var utført ungskogpleie på 83 dekar. I tillegg vart det planta juletre på 1 dekar. Totalt 17 skogeigarar fekk tilskot.

SKOGSVEGAR

Kommunen har ikkje handsama søknader om skogsvegar i Stad i 2022. Kommunen har følgd opp pågåande vegprosjekt då det er sett i gang mange skogsvegprosjekt i tidlegare år.

ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Kommunen legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette med å stille med fagkompetanse og opplæring. Frå kommunen si side er det eit kontinuerleg arbeid for å få planta til å avverka areal, men også for å få auka del areal der det vert gjennomført ungskogpleie. Skogselskapet sitt prosjekt i 2022 med ungskogpleie har vore viktig ved at det vert auka kapasitet til å følgje opp skogeigarar som har behov for ungskogpleie og der kommunen kan følgje opp i samarbeid med skogselskapet. Vegplanleggarane i skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men også for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging.

I Stad kommune har det pågått eit skogtakseringsprosjekt som har halde på i mange år. I 2022 var dette prosjektet i avslutningsfasen og dei fleste skogeigarane fekk tilsendt nye skogbruksplanar. I prosjektet har statsforvaltaren også hatt eit arbeid med felles områdeplanar for utvalde områder i kommunen der skogeigarane får høve til å ha felles skogbruksplan og får moglegheita til å planlegge vegløyser og felles avverking og skogkultur i lag. Dette er eit arbeid som ikkje er ferdig enno.

Faglege arrangement er viktig for å auke interessa for skog og for å auke kompetansen blant skogeigarane slik at dei kan forvalte skogen på best mogleg måte. I Stad kommune har det i 2022 vore gjennomført kappedag, motorsagkurs og ungskogpleiedag. I tillegg var det arrangert eit kurs for nye skogeigarar som gjekk gjennom grunnleggjande kunnskap om skogforvaltning. Dette kurset var og relevant for gamle skogeigarar som ønskte litt oppfrisking. Kommunen har og aktive skogeigarlag som er gode på å etterlyse kurs og vere med på tilrettelegging for kurs. Dette er særst positivt og gjer arbeidet for kommune og skogselskap lettare. Kommunen har også eit eige nyheitsbrev frå landbrukskontoret der vi legg vekt på å ha med skogrelevant stoff.

OPPSUMMERING

Interessa for skog og skogbruk aukar når prisane er gode. Vidare opplever vi at det er viktig at skog og skogbruk er framme i nyheitsbiletet når det gjeld klima for også å auke interessa. Det er stor trong for auka kunnskap og kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane Skogselskap held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad.

Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad



Skogdag Stad. Foto: Lindis Østgård

ÅRSMELDING 2022 - SKOGBRUKET I SUNNFJORD KOMMUNE

SKOGKULTUR:

Det er gledeleg å sjå at aktiviteten på skogkulturområdet aukar år for år i Sunnfjord kommune. Vi opplever å ha teke att mykje av etterslepet (manglande forynging) frå tidlegare år.

43 skogeigarar har utført/fått utført skogkulturarbeid i 2022.

- Nyplanting, 236 010 planter 930 daa.
- Suppleringsplanting, 1 500 planter 9 daa.
- Etablering av juletreproduksjon 2 000 planter 4 daa.
- Ungskogpleie, rydding og avstandsregulering i plantefelt 90 daa.
- Flaterydding/tilrettelegging av foryngingsfelt 16 daa.

Totale kostnader/investeringar i skogkultur kr 1 832 084. Samla utbetalt tilskot kr 909 350 (NMSK kr 767 514 og tettare planting kr 141 836)

SKOGSDRIFT:

Hogstaktiviteten gjennom virkeskjøparar og deira entreprenørar er høg i Sunnfjord. Vi ser også ei auka interesse for eigenhogst.

Det er levert 48 051 m³ tømmer. Treslagsfordelinga er 47 646 m³ gran og 382 m³ furu. Ved til brensel er oppgjeve til 23 m³. Gjennomsnittspris for gran kr 503/m³, og for furu kr 445/m³. Samla bruttoverdi er på kr 24 171 890

Rapportert sal av juletre 2 169 stk.

Det er løyvd og utbetalt kr 626 720 i tilskot (4 391 m³) til drift i vanskeleg terreng (taubane, slepebane og hest).



Skogdag i Førde

SKOGSVEGAR:

AVSLUTTA SKOGSVEGPROSJEKT I 2022:

- Øyranevegen, 1 150 m (kl 5). Utbetalt tilskot kr 1 150 000.
- Klypevegen (ombygging) 725 m vegklasse 7. Utbetalt tilskot kr 50 000.
- Gullbruvegen 1 020 m vegklasse 8. Utan tilskot
- Vedabrotvegen 620 m, vegklasse 8. Utan tilskot.

BYGGESØKNADER:

Det er søkt om og gjeve byggeløyve til 7 veganlegg i 2022.

- 3 vegar i klasse 8 med samla lengde 1080 meter.
 - 1 veg ombygging i klasse 7 med samla lengde 725 meter.
 - 2 vegar i klasse 4 med samla lengde 1826 meter.
 - I tillegg kjem 1 løyve til ombygging/utviding av velteplass.
- Av desse søknadene er ein traktorveg i vegklasse 8 ferdig bygd og ein i vegklasse 7.

SKOGSKADER:

Det er også i 2022 observert/kartlagt, og motteke meldingar om skader av snutebille, tørre planter og beiteskader på plantefelt. Avgangen i mange plantefelt er framleis alt for stor. Andre skader av omfang på skog er ikkje observert eller meldt.

KURS/ARRANGEMENT:

Skogdag i Grovane (Førde) 14. januar. Tema var kapping av tømmer, informasjon om hogst, prisar tømmermarknad, tilskog og skogfond. 33 deltakarar.

- PEFC-kurs på Mo (Mo og Øyrane vgs.) 20 januar, 16 deltakarar.
- Skogdag på Kårstad (Bygstad) 21 januar. Tema var kapping av tømmer, informasjon om hogst, prisar tømmermarknad, tilskot og skogfond. 25 deltakarar.
- Kurs i bruk og stell av motorsag for ungdomar 10 mai, 10 deltakarar (i regi av Gaular bondelag).
- Skogkveld i Førde (Ryggjabrua) 25 august. Tema var hogst, planting, naturleg forynging (val av treslag) og annan skogkultur i plantefelt. 20 deltakarar.
- To kurs i bruk og stell av motorsag i Viksdalen 10 oktober og 03 november, samla 11 deltakar (i regi av Viksdalen Nærmiljøråd).
- Karrieredag på Mo (Mo og Øyrane) vgs.16.november. 20 deltakarar.

SKOGFOND:

Innestående skogfond pr. 31.12.2022: kr 9 945 878

Februar 2023
Oddbjørn Sellevoll
Henning Malones

ÅRSMELDING 2022 – SKOGBRUKET I GULEN KOMMUNE

HOGST.

Det er omsett 639 m³ tømmer til industri. Det fordelar seg på 566 m³ gran og 73 m³ furu. Samla verdi er 316 907 kr. Kubikkbrisen for gran var 503,89 kr og for furu 434,33 kr.

KURS, FAG- OG SKOGSDAGAR.

Det vart ikkje halde kurs i regi av kommunen i 2022. Breidvik og Bålen grendalag gjennomførte 2 kurs i bruk og stell av motorsag i grendahuset der og på Sandøy vart det gjennomført 1 kurs.

Gulen kommune saman med Gulen skogeigarlag gjennomførte 2 skogdagar.

24. januar var det kappedag i Midtundalen. Arnt Laukeland frå Skogkurs var instruktør. Det vart orientert om tømmerprisar og om tilskotsordningar. Bålkos, mat og kaffi.

18. mai var det skogdag på Takledalen. Tema skogsveg og skogkultur. Asle Lyslo som er skogsvegplanleggar sa litt om planlegging av veg med utangspunkt i ståande skog i lia opp til Midttaklestølen. Arnt Laukeland underviste om tynning i sitkabestandet, der plantane kjem tett som hagl. Kystskogbruket var representert med Helge Kårstad. Frå skogselskapet møtte Svein Saure

DRIFTSTILSKOT.

Det er gjeve tilskot til drift i vanskeleg terreng, kr. 58 189,-

SKOGSVEGAR.

Det er i meldingsåret ikkje søkt om tilskot til bygging av skogsvegar. Men det er søkt om å få gjere annleggsvegar i høve kraftutbygging om til permanente skogsvegar. 300 meter nyanlegg og 50 meter ombygging av eksisterande veg.

Nokre har vore i kontakt med kommunen angående bygging av skogsveg og reknar med søkje om bygging og tilskot i 2023.

SKOGKULTUR/SKOGSKJØTSEL.

Det er utført ungskogpleie på 17 daa til ein kostnad på 11 600 kr. Dette har utløyst tilskot på kr. 5800.

I nokre av sitkahogstane kjem sitkaplantane villig og ein må inn å tynne for at det ikkje berre skal bli kratt. Her er det forhandsrydda 99 dekar til ein kostnad på 3 200 kr. Tilskot kr. 1 600,-

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL.

Gulen kommune var ikkje plukka ut for kontrollar i 2022. Men kommunen har vore på synfaring på 4 plantefelt. Alle med hogst vinteren 2015/16. Desse var tilplanta i

2019 og 2020. Der det er planta norsk gran, er resultatet dårleg. Kanskje berre 20-30 % av plantane var å finne. Men der det hadde stått sitka og desse frøa seg sjølv, kom det tett med skot. Her må ein inn å tynne ut. Det skjer ved at ein brukar ryddesag og kuttar plantar slik at dei ein vil ha til å vekse opp får eit forsprang.

MØTE.

Gulen kommune hadde et møte med styret i Gulen skogeigarlag 25. august for gjennomgang av støtteordningar og kva behov skogeigarlaget såg for seg det er trong for. Samstundes tok ein uformelt opp ymse tema som t.d. behov for bygging av skogsvegar.



Sjølvrødde sitkagranplantar, Takledalen

ÅRSMELDING 2022 – SKOGBRUKET I BREMANGER KOMMUNE

HOGST

Hogstaktiviteten har vore høgare i Bremanger kommune. Skogeigarane hogg 2475 m³ levert gjennom skogavgiftssystemet i kommunen.

SKOGKULTUR

Det er planta 1000 granplantar i 2022.

KURS, FAG- OG SKOGSDAGAR.

Skogdag i Ålfot 7. juni. Tema var hogst, planting, naturleg forynging (val av treslag) og annan skogkultur i plantefelt.

HJORTEJAKT

Det blei felt 978 hjort i 2022. Uttaket av kalv var på 38 %, ungdyr 23 %, bukk 11 % og kolle 28 %. Dette er eit for lite uttak av yngre dyr til å oppretthalde ein hjortebestand med naturleg alderssamansetjing.

Pga den store hjortebestanden er det vanskelig å få opp skog. Rovdyra er borte og dei naturlege svingningane i hjortestamma er ikkje til stades. Sommar- og vinterbeite er under hard bruk tiår etter tiår utan «kvile».

DET NOU 2004: 28 LOV OM BEVARING AV NATUR, LANDSKAP OG BIOLOGISK MANGFOLD

(Naturmangfoldloven) Side 152

9.2.2.4 Hvem retter prinsippene seg mot

I den nasjonale strategien understrekes også den enkeltes ansvar for å bidra til en bærekraftig utvikling (se foran under 9.2.2.2). Ansvar for den enkelte understrekes f.eks. også i **St.meld. nr. 17 (1998–99) (skogmeldingen)** kap. 1.1 (s. 9), der det heter:

”Ansvaret for å forvalte naturressursene – og det spekteret av verdier de representerer – hviler både på samfunnet og på enkeltmennesker. Ikke minst er det viktig at de som eier og råder over ressursene ivaretar sitt forvalteransvar – det hviler en forpliktelse på den som eier til også å drive bærekraftig forvaltning.

St.meld. nr. 17 (1998–99) (skogmeldingen) side 9 står det: *Regjeringen mener skogpolitikken skal stimulere til en ansvarsfull og aktiv utnyttning av skogressursene og støtte opp under arbeidet med å få til en mer bærekraftig utvikling.*

Det er vanskelege å sjå at Landbruksdepartementet, Landbruksdirektoratet og Statsforvaltaren si landbruksavdeling har stimulert til ei ansvarsfull bærekraftig bruk av naturressursane

*Bjørn H. Marthinussen
Bremanger kommune*



ÅRSMELDINGA 2022 – SKOGBRUKET I FJALER, ASKVOLL OG HYLLESTAD KOMMUNE

Det vart gjennomført tre skogdagar på vårparten, ein i kvar kommune, i tillegg til ein skogfondkveld i Fjaler. Vi hadde rekord stor drift i Fjaler, der ei enkeltdrift averka over 26.000m³, med gjennomsnittleg tømmerverdi på 519kr/m³. Ei anna stor drift i 2022 i Fjaler var på 7683m³ med gjennomsnittleg tømmerverdi på 539kr/m³.

AVVERKING

- Askvoll: 232m³ – verdi 82.112kr
- Fjaler: 34.601m³ – verdi 18.113.534 kr
- Hyllestad: 7.756m³ – verdi 3.828.546kr.

PLANTING

- Askvoll: 42 110 – 232 dekar
- Fjaler: 31 730 – 144 dekar
- Hyllestad: ingen planting



SKOGSVEGAR

Det er utført ungskogpleie på 16 daa til ein kostnad på 6 450 kr. Dette har utløyst tilskot på kr. 3 225 i Hyllestad. Ingen ungskogpleie i Askvoll og Fjaler.

Ingen taubanedrifter i dei tre kommunane i 2022.

ÅRSMELDINGA 2022 – SKOGBRUKET I STRYN KOMMUNE

AVVERKING

- 6 737 m³ med sagtømmer. Pris per m³ 603,-.
- 2 610 m³ med massevirke. Pris per m³ 275,-.
- Totalverdi 4 935 388,-.

PLANTING

- 24 910 stk. nyplanting.
- 6 000 stk. supplering.
- Totalt planta 30 910 granplanter.

SKOGSVEGAR

Fire skogsbilvegar blei handsama og vedtekne i 2022. Eit midlertidig vegtiltak. Ein traktorveg blei handsama. Eit større vegprosjekt på 3 240 meter med vegklasse 4 blei ferdigstilt i 2022.

KURS/ARRANGEMENT

Skogdag i Utvik 7. januar. Tema var kapping av tømmer, informasjon om hogst, prisar tømmermarknad, tilskog og skogfond. 25 deltakarar.

Skogdag i Innvik 20.mai. Tema var hogst, skogkultur, planting, naturleg foryngelse og ungskogpleie.

Kurs i bruk og stell av motorsag for ungdomar 21. oktober, 31. oktober, og 8. november. Totalt 30 deltakarar. Skogkveld i Roset 31. oktober. Tema var skogfond, vegbygging og tømmerverdiar.

*Helsing Stryn kommune, avdeling berekraft og næring
Sigbjørn Rolandsen fagkonsulent skogbruk*



Innvik 20.mai

ÅRSMELDINGA SKOG I KINN KOMMUNE 2022

AVVERKING

- 902 m³ med sagtømmer gran. Pris per m³ 449,-.
- 558 m³ med massevirke. Pris per m³ 218,-.
- Totalverdi 526 905,-.

PLANTING

- 9620 stk. nyplanting på 24 dekar.
- 6 000 stk. supplering.
- Totalt planta 30 910 granplanter.

UNGSKOGPLEIE

Det er utført ungskogpleie på 75 daa til ein kostnad på 52 500 kr. Dette har utløyst tilskot på kr. 26 250 i Kinn kommune.



Oppsetting av natursti i Bergen



Bygstad 21.januar



Oppsetting av natursti i Hyllestad



Balestrand 25. oktober



OPPtur med Flora Turlag på Brandsøyåsen 4. mai



Foto: Fjordtømmer



Juleverkstad på planteskulen



Skogdag på ViteMeir, Kaupanger 4.juni

Junkkari flishugger HJ-172/252

HJ-172/252 med 450 og HJ-261 med 90° innmater vinkel. Kraftige og effektive. Fire kniver. Innmatingsåpning fra 17– 26 cm avhengig av modell. Hydraulisk innmating og NO-stress turtallsvakt.

Junkkari

NO-STRESS
TURTALLSVAKT
MED I PRISEN

Kampanje-
pris!



Snakk med oss om vedutstyr!

Eiksenteret Førde

Øyrane, 6800 Førde
tlf. 57 83 43 83

EIK
SENTERET
eiksenteret.no

EIKÅS SKOGSDRIFT

**Mange års
erfaring
i vestland-
skogen!**



VI TAR PÅ OSS:

- Hogst
- Framkøyring til bilveg
- Markberedning

EIKÅS SKOGSDRIFT A.S

Bordvegen 5, 6854 Kaupanger • tlf. 976 48 482 • jarle@eikaas-skogsdrift.no

T. FRIVIK

Taubanedrift AS



- Vi tar skogsdrifter med taubaner over heile landet.
- Vi driver nå med 4 tilhengermonterte baner.
En stor gravemaskin til hver bane som kvister og kapper.
- Vi har base på Kyrkjebø, og er forhandler for Wyssen Seilbahnen og Ecoforest.



Ecoforest

T. Frivik Taubanedrift AS ble etablert i 2004 og er nå den ledende aktøren i Norge på uttak av tømmer i bratt terreng samt montering/demontering av rørgater i bratt terreng. Vi påtar oss alle typer oppdrag innen for skogsdrift, materialtransport og anleggsvirksomhet. Vi har investert tungt i en maskinpark som gjør oss i stand til å dekke de fleste typer oppdrag med egne maskiner. Der hvor det er behov for spesielle maskiner, har vi et godt internasjonalt nettverk som gjør at vi kan leie inn spesialisert utstyr etter behov. Maskinparken består av 4 KMS tilhengermonterte kraner, 4 Doosan gravemaskiner med Woody 60 aggregat, Woodliner selvgående løpekatt i tillegg til det vanlige utvalget traktorer og tømmerhengere. Blant våre ansatte finner du alt fra skogsarbeidere til mekanikere, noe som sikrer svært høy driftssikkerhet og gjør at vi kan påta oss de aller fleste typer oppdrag.

